



Naturvernforbundet
i Midt-Telemark

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Saksnr.: 202608434

Bø

22.06.2026

Høyringsvar frå Naturvernforbundet i Midt-Telemark i høve Oterholtfoss kraftverk

Naturvernforbundet i Midt-Telemark (NVMT) har i brev frå NVE datert 05.06.2026 fått høyringsfrist 22.06 og sender no våre kommentarar til dei utbyggingsplanane som er til vurdering.

NVE har etter konsesjonspliktvrdering gjeve Telemark Energi løyve til å oppgradere eksisterande kraftverk ved Oterholtfossen i tråd med vilkåra i gjeldande konsesjon frå 1931. NVMT vil likevel be om at tiltakshavar og myndigheiter au må vurdere omsøkt tiltak opp mot anna lov- og regelverk som tiltaket vil ha relevans for. Dette gjeld til dømes naturmangfaldlova, vassressurslova, vassforskrifta, med meir. Dette er særleg viktig for dei miljøkonsekvensane det omsøkte tiltak vil kunna få, for når gjeldande konsesjon frå 1931 ikkje overraskande unnlet å stille krav til miljøomsyn, er det generelle bestemmingar i anna oppdatert lov- og regelverk som må nyttast av konsesjonsmyndigheita på dette konkrete tilfellet. Naturmangfaldlova inneheld eit krav om generell aktsemdsplikt i § 6 og me forventar myndigheitene vurderer tiltaket i sin heilskap og i sine ulike mindre delar opp mot relevant miljølovverk i tillegg til vilkåra fastsett i gjeldande konsesjon.

Dette er kommentaren vår til tiltaket sett under eitt. Når det gjeld dei konkrete enkelttiltaka som søknaden skildrar, har me blant anna festa oss ved at tiltakshavar ønsker å redusere minste driftsvassføring til 1/5 m³/s frå dagens nivå på 2 m³/s. Ein slik reduksjon i minste driftsvassføring kan verke liten, men det er likevel vesentleg å danne seg ei kvalifisert meining om den nemnte reduksjonen vil få uheldige konsekvensar for vassmiljøet i elva samt for område på land like ved elva som i til dømes fossesprøytoner. Sjølv om reduksjonen ikkje ser ut til å vera i strid med vilkåra i konsesjon frå 1931, kan ein ikkje no,

slik me har skrive om ovanfor, berre sjå på vilkåra i denne for å vurdere om bestemte enkelttiltak er akseptable eller ikkje.

Me må i forlenging av dette kommentere nok ein gong at eksisterande kunnskapsgrunnlag for Oterholtfossen og områda ikring ikkje er tilfredsstillande, korkje for vassmiljø eller naturtypar, slik au fleire høyringspartar både i fjor og i tidlegare rundar har peikt på. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag trengst ikkje minst for at ein nettopp skal kunna nytte dei generelle lovbestemmingane på *informert* vis i vurdering av dei ulike tiltaka. Me viser til våre eldre høyringsfråsegner for ein meir detaljert gjennomgang av manglane ved kunnskapsgrunnlaget.

Om det som står om minstevassføring generelt på side 11 i detaljplanen, er det nokre ting me vil kommentere. Det leggjast opp til at så lite som 1.0 m³/s skal gå over sjølve fossen og rundt Kvennøya, men det forsikrast samtidig om at dette ikkje vil gjelde mange dagar i året. For det fyrste vil ei så låg vassføring ha store konsekvensar på sikt dersom fleire tørre år skulle koma etter kvarandre, både for elvevegetasjonen og for ferskvassorganismar av ulike slag. Det som au gjer dette problematisk, er ikkje berre kor ofte tørre år vil inntreffe på grunn av klimaendringar, men *kor tørt* det blir, for ein vil da få svært lange periodar med svært låg vassføring, og dersom ein får to slike år etter einannan, er det grunn til å tru at dei negative konsekvensane vil bli store. Detaljplanen burde derfor ikkje ha stilt opp ei samanlikning av tørre og normale år utan å ta atterhald om at klimaendringar i vesentleg grad kompliserer bildet og gjer det vrient å bruke talgrunnlag frå tidlegare periodar som fullt ut representative. Dette gjeld sjølv om totale nedbørmengder i løpet av ein tiårsperiode blir større (for gjennomsnittet trekkjast opp av våte år som er *veldig* våte), for det vesentlege er hyppigheit og intensitet på dei tørre åra.

I Bøelva finst fleire artar av stor forvaltingsverdi, som eksempelvis elvemusling, og som har bestandar som er sårbare. Ein skal derfor vera sær sars varsam når ein vurderer å redusere vassføringa, for sjølv om ein gamal konsesjon ikkje set avgrensingar, forpliktar likevel anna relevant lov- og regelverk på at vassdraget beheld ein viss kvalitet med omsyn til biologisk mangfald og anna. Detaljplanen burde ha lagt ved tal som viser kva situasjonen for minstevassføring er i dag når det er lite vatn i elva, for dersom det no leggjast opp til ei markant endring i retning av lågare minstevassføring samanlikna med dagens praksis for slepp av vatn, er det svært problematisk og noko som NVE bør merke seg.

Når det så gjeld tiltak i sideløpet (Skvidsla) til Oterholtfossen, vil me kommentere at dette sideløpet utgjer ein ravine/bekkekløft som er innanfor ein påvist naturtype som i 2010 fekk B-verdi, dvs. «regionalt viktig». No ser det ikkje ut til at omsøkt tiltak vil råke denne lokaliteten i særleg grad direkte, men med tanke på at store mengder massar skal lagrast mellombels i området like ved, er det viktig å hindre at massar frå deponiet kjem ned i sideløpet og dermed vidare ut i elva. Om lagring av massar, er detaljplanen frå Bystøl A/S au relativt sparsam på informasjon. Dette er uheldig og gjer det vanskeleg for oss å vurdere risiko, men med moglege store nedbørsmengder og fare for ulykker i løpet av anleggsfasen, må det stillast krav til at massar skal lagrast på forsvarleg vis.

Me skreiv i fjor om tiltak for fisk og kommenterte den gong at det er positivt at det no skal gjerast tiltak for å betre tilhøva for nedvandrande fisk. Me saknar likevel ei vurdering av oppvandringsmoglegheiter for anadrom fisk og ål. I tillegg til at laksen kunne forsere Oterholtfossen og sideløp i eldre tider, skal den au ha forsert Herrefoss lenger oppe i vassdraget. Ettersom laksen er ein truga art, bør det eigentleg vurderast om det skal reetablerast gamle vandringsvegane slik at laksen kan nytte tidlegare gyte- og oppvekstområde lenger opp i vassdraget. Når det er sagt, så måtte da slike eventuelle utbetrande tiltak vurderast opp mot faren for at gjedde da kan bruke dei nemnte vandringsvegane til å koma seg lenger opp i vassdraget og til Seljordsvatnet, noko som ikkje er ønskeleg. Vurderingar av utbetringstiltak knytt til opp- og nedvandring bør dessutan sjåast i samanheng med tiltak som gjerast andre stader i fylket. Og igjen: Kunnskapsgrunnlaget for fisk og ferskvassorganismar bør absolutt oppdaterast, for fleire viktige artar, eksempelvis storaure, er for dårleg kartlagt i dag.

For Naturvernforbundet i Midt-Telemark

Hans Christian Deilhaug,
Leiar

Bjørn Olav Haukelidsæter,
Styremedlem